


Viktig møte om framtida til uskedalen.no

09.05.2016



Viktig møte om framtida til nettsida på onsdag.

Alle er kjende med at Ola Matti Mathisen av helsemessige årsaker reduserer skrivinga. Han er mindre mobil og vil sei frå seg redaktøransvaret etter 10 års drift. Uskedalen.no er blitt svært viktig for bygda, og ein ønskjer å halda fram drifta. Derfor vert det kalla inn til eit viktig møte der dette er tema onsdag 11.mai kl.20 i Gamleskulen.

Ei redaksjonsgruppe vil prøva å halda fram drifta. Dette medfører at det vert ei ny og endra drift. Vi treng fleire til å vera med i redaksjonsnemnda, og den vert avhengig av eit godt utbygd kontaktnett ut mot lag, organisasjoner og firma, og elles ting som skjer i bygda. Redaksjonsnemnda vil trenga hjelp med innsending av foto og mest mogeleg ferdigskrive stoff.

Det har vorte sendt ut innkalling til møtet til dei som brukar nettsida mest. Denne invitasjonen går og til alle som forventar at [uskedalen.no](#) skal halda fram. Vi håpar mange stiller på møtet og vil vera positive til å yta eit bidrag til å halda nettsida gåande. Då trur vi resultatet kan verta riktig så bra!

Programmet på møtet vert:

1. Uskedalen.no i 10 år: Nytte, glede, verknad – kva har nettsida gjort med oss som bygd.
2. Litt om korleis nettsida er bygd opp – teknisk.
3. Om innhaldet – hjelp til foto, skriving og levering av stoff

Uskedal utvikling er svært takksame for det store og verdfulle arbeidet Ola Matti har lagt ned for lag, organisasjoner, verksemder og for bygda generelt. Det vert skipa til ei eiga markering for han med det fyrste.

Tekst: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal.

Foto og nett: Thor Inge Døssland